



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

26/526-

9. februar 2026

**Svar på spørsmål nr. 1437 til skriftlig besvarelse fra
stortingsrepresentant Ove Trellevik til samferdselsminister Jon-Ivar
Nygård**

Spørsmål:

Kan eg be om oppdaterte kostnadsanslag for følgende strekningar på E39 (2026-kroner)?

Bokn-Bømlafjorden
Heiane-Ådland
Ringvei øst: Fjøsanger-Arna
Ringvei øst: Arna-Vågsbotn
Ringvei øst: Vågsbotn-Klauvaneset
Flatøy-Eikefettunnelen
Eikefet-Romarheim
Bogstunnelen-Gaular grense
Moskog-Vassenden
Skjærsura
Våtedalen
Byrkjelo-Grodås
Hafast
Vegsund-Breivika
Ålesund-Molde
Kjerkeset-Astad
Halsafjordsambandet

Svar:

Statlege investeringsprosjekt med ei anslått kostnadsramme over terskelverdien på 1 mrd. kroner skal følgje krava til utgreiing, planlegging og kvalitetssikring i statens prosjektmodell, og skal difor gjennom ekstern kvalitetssikring ved to kontrollpunkt før prosjektet eventuelt blir lagt fram for Stortinget. Det er ulik grad av gjennomført kvalitetssikring på dei ulike strekningane i spørsmålet. For nokre av strekningane er det difor knytt stor uvisse til kostnadsanslaget.

Det ligg ikkje føre kostnadsoverslag for alle strekningane som representanten spør om. Desse er difor ikkje tekne med i tabellen nedanfor. Dette gjeld:


- Ringvei øst: Fjøsanger–Arna
- Ringvei øst: Arna–Vågsbotn
- Eikefet–Romarheim
- Bogstunnelen–Gaular grense
- Moskog–Vassenden
- Skjærstua
- Byrkjelo–Grodås

Nedanfor er kostnadsanslag for dei resterande strekningane på E39, i mill. 2026-kr.

Strekning	Kostnadsanslag
Bokn–Bømlafjorden	24 215
Heiane–Ådland	2 892
Ringvei øst: Vågsbotn–Klauvaneset	9 078
Flatøy–Eikefettunnelen	20 704
Våtedalen (Klakegg–Byrkjelo)	2 035
Hafast	84 000
Vegsund–Breivika	7 909
Ålesund–Molde	33 291
Bjerkeset–Astad	1 937
Halsafjordsambandet	17 000

For E39 Ålesund–Molde er det summen av delstrekningane E39 Ørskogfjellet–Vik, E39 Vik–Julbøen, E39 Julbøen–Molde, E39 Breivika–Digernes, E39 Digernes–Dragsundet og E39 Dragsundet–Ørskogfjellet som er oppgjeven.

Med helsing



Jon-Ivar Nygård